



Sigersjubel etter å ha slått Øystese 2.

Det vart ein viktig siger for Rosendal sitt A lag i kveld på Rosendal stadion, da dei vant 2-1 over Øystese 2. Kampen var innleiinga på haustsesongen, og 4 uskedelingar var delaktige i det gode resultatet. Det var Kristoffer Rød, Hermund Døssland, Marius Myklebust og Sondre S. Myklebust.

Første omgang hadde Rosendal det meste av spelet, og på slutten av omgangen fekk dei lønn for strevet etter fint angrepspel. Sondre sentra ein fin pasning til Stig Helle som sette ballen kontant i mål med venstrefoten. Rosendal gjekk til pause med 1-0 leiing.

Andre omgang forsette som første, men no kom Øystese meir med i spelet og vart meir offensive. Dei kom til fleire farlege avslutningar. Det såg ut som dei hadde meir krefter att, og da det gjensto ca 15 minuttar fekk dei utlikning etter eit av all formange brudd i mot av Rosendal i farleg sone. Dei skora på eit flott langskot, utakbart for Rosendal-keeperen. Dermed like langt: 1-1.

Rosendal vart hardt pressa no, og dei hadde nok med å forsvare seg. Da det kun gjensto ca 2 minuttar, tok uskedelingen Kristoffer Rød saka i egne hender. Han gjekk på eit raid høgt oppe i banen frå si forsvarrolle. Deretter sentra han fint til Marius Myklebust som drog av og sentra til ein umarkert Sondre Stensletten Myklebust. Åleine med keeper sette han ballen i mål, .2-1. Ein flott prestasjon av dei 3 uskedelingane.

Kristoffer har funne fram fotballskoa att og er klar for haustsesongen. Han er eit flott forsterkning for laget .Dei klatra no opp på andre plass på tabellen, passerte Øystese på tabellen og kjempar no om sigeren i pulja

Desse Uskedelingane var med. Kristoffer Rød, Hermund Døssland, Marius Myklebust, Sondre Stensletten Myklebust. Alle 4 uskedelingane var viktige i denne slitesigeren. Kan og nemna at den nye keeperen Frank Mehl har Uskedalsgener og gjorde sine ting svært bra.

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust
 Nett: Thor Inge Døssland